

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 17.03.2015
SAKSHANDSAMAR: Administrerende direktør Jannicke Daae Tønjum
SAKA GJELD: **Styringsdokument 2015 for Sjukehusapoteka Vest HF**

ARKIVSAK:
STYRESAK: 017/15

STYREMØTE: 23.03.2015

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tar saka til orientering og ber administrasjonen fokusere/ prioritere særskilt på dei områda styret har kommentert på i møtet.

Administrasjonen bes om å rapportere på Styringsdokument 2015 for Sjukehusapoteka Vest HF i høve til mal og fristar sett av Helse Vest RHF.

Oppsummering

Styringsdokument 2014 for Sjukehusapoteka Vest HF blei vedteke av føretaksmøte i Sjukehusapoteka Vest HF 5. mars 2014.

I Styringsdokument 2014 har Helse Vest redusert talet på mål og rapporteringskrav i høve til tidlegare år. Dette betyr at styringsdokumentet ikkje gjer dei samla krava til Sjukehusapoteka Vest, men utfyller og konkretiserer oppgåver som Sjukehusapoteka Vest skal legge vekt på og prioritere i 2014.

Etterføljande Sak 18/14 Risikostyring og Sak 19/14 Styringsmål for AD 2014 viser korleis Sjukehusapoteka Vest tenker å sikre leveranse i høve til styringskrav for 2014.

Kommentarar

Sjukehusapoteka Vest fekk overlevert Styringsdokument 2014 i føretaksmøte 5. mars 2014.

Gjennom styringsdokumentet gjer Helse Vest RHF Sjukehusapoteka Vest HF eit mest mogeleg heilskapleg og samla styringsbodskap for 2014. Styringsdokumentet skal klargjere dei premissar og rammar som gjeld for verksemda og inneheld resultatkrava som blir stilte til helseføretaket.

Mål og rapporteringskrav gitt til Sjukehusapoteka Vest i Styringsdokument 2015 er avgrensa til dei områda Helse Vest ønskjer å ha særskild fokus på i år. Mål og rapporteringskrav s Styringsdokument 2015 må difor sjåast i samanheng med mål, rammer og retningslinjer for helsetenesta sett i lover og forskrifter, Helse- og omsorgsdepartementets (HOD) Oppdragsdokument for 2015 til Helse Vest RHF, styringskrav frå HOD formidla i føretaksmøte i Helse Vest RHF og helse- og omsorgsministeren sin tale til sjukehusa den 7. januar 2015. Helse Vest RHF legg til grunn at helseføretaka er kjend med og har sett seg inn i desse dokumenta. Sjukehusapoteka Vest sine vedtekter, tidligare styringskrav frå Helse Vest, Helse 2020 og Strategiplan 2011 – 2015 for Sjukehusapoteka Vest må og ligge til grunn for dei samla krava til Sjukehusapoteka Vest.

Helse Vest vil ha følgjande hovudområder for styring og oppfølging i 2015:

- Brukarorientert helseteneste
- Redusert variasjon i kvalitet og effektivitet i helseteneste
- Større relativ vekst i psykisk helsevern og rusbehandling enn i somatikk
- Tilgang på helsepersonell
- Brukarvenleg og effektiv teknologistøtte

Styringsdokument 2015 for Sjukehusapoteka Vest gjev, utover økonomiske, organisatoriske og rapporteringsmessige krav, følgjande helsefaglege styringskrav knytt til dei ovanfor nemnde hovudområder for styring og oppfølging;

- Aktivitet
- Pasientane si helseteneste
- Kvalitet og pasienttryggleik
- Helseberedskap og forsyningstryggleik
- Forsking og innovasjon

Tidlegare Sak 016/15 Risikostyring for Sjukehusapoteka Vest 2015 og Sak 017/15 Fokusområder for AD 2015 viser korleis Sjukehusapoteka Vest tenker å sikre leveranse i høve til styringskrav i Styringsdokument 2015.

Konklusjon

Helse Vest gir tydelege og ambisiøse styringskrav til Sjukehusapoteka Vest i 2015, som vil utfordre føretaket både i høve til faglig og administrativ kompetanse og kapasitet. Nødvendige prioriteringar i høve til denne kapasitetsutfordringa ligg til grunn for prioriteringar/ fokus i Sak 016/15 over.

Vedlegg

1. Vedteke Styringsdokument 2015 for Sjukehusapoteka Vest HF
2. Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 07.01.2015
3. Helse- og omsorgsministerens tale til sjukehusa 07.01.2015